

Vedlegg til ordensreglane

## AVTALE OM BRUK AV IKT-LÆREMIDDEL

- Eleven pliktar å bruke IKT-utstyret forsiktig og slik at det ikkje blir utsett for unormale påkjenningar eller slitasje.
- Eleven pliktar å oppbevare iPaden slik at den ikkje blir støle / mista.
- Eleven/ føresette pliktar å erstatte skade på utstyret som eleven med vilje eller gjennom uforsiktig bruk, er skuld i ( skadeerstatningsloven § 1-1 og §1-2)  
Følgjande betalingssatser er sett for erstatning av IKT-utstyr som blir øydelagt av elevar:
  - Elev 1.-4.klasse: Erstatningssum 300,-
  - Elev 5.-7.klasse: Erstatningssum 700,-
  - Elev 8.-10.klasse: Erstatningssum 1 000,-

Desse summane gjeld for iPad som blir øydelagt slik at Nord-Fron kommune må erstatte med ny iPad for eleven. Erstatningsansvaret gjeld som elles i skulen når eleven ved vanvare eller med vilje utsett noko av skulen sitt utstyr eller inventar for slik behandling at ein kan bli halde økonomisk ansvarleg for dette. Om ein elev for andre gong blir vurdert til å ha erstatningsansvar for øydelagt iPad vil summen bli kr 2 500,- (Jmf brev frå kommunalsjef 05.03.2018, ref 18/3247 )

- Mistar eleven lader eller ladeledning skal eleven seie i frå til skulen slik at skulen kan bestille ny. iPaden er leaset og må leverast tilbake med original lader, faktura blir sendt heimen i etterkant.
- Eleven pliktar til einkvar tid å ha iPaden i Otterboxen (coveret) som fulgte med.
- Eleven kjem med iPaden fullada kvar morgon.
- Eleven veit at brukarnamn/passord er personlege, og ikkje skal gjevast til andre.
- Eleven veit at han/ho ikkje har lov til å logge inn med annan brukar sitt namn/password.
- Eleven veit at all bruk av IKT blir loggført og lagra.
- Eleven veit at både klassa sitt og sitt eige private brukarområde kan bli lest og eventuelt sletta av skulen sine lærarar.
- Eleven veit at e-post som vedkomande har sendt, kan bli spora attende til eleven.
- Eleven veit at læraren kan sjå skjermbilete til eleven på sin eigen dataskjerm.
- Eleven veit at det ikkje er lov å bruke Facebook eller andre sosiale medier, utan lov frå lærar.
- Eleven veit at det ikkje er lov til å bruke apple-id på iPaden.
- Eleven veit at han/ho ikkje skal søkje etter, skrive ut eller lagre/bokmerke nettsider med pornografisk, rasistisk, blasfemisk, nazistisk eller kriminelt innhald.
- Eleven veit at han/ho ikkje har lov til å bestille varer eller tenester av noko slag via Internett.

Dersom eleven bryt denne avtala kan det føre til at eleven mistar retten til å bruke skulen sine IKT-læremiddel for ei stuttare eller lengre periode. Dersom dette skjer, blir føresette informert